



Notat

Dato: 21.09.2016
Arkivsak: 2016/9721-1
Saksbehandlar: oydziem

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. Bergen private gymnas.

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i utval for opplæring og helse 08.09.16 der representanten Solbjørg Marjala sette fram følgjande spørsmål på vegner av R/SV:

«Er det ein reell moglegheit for at Bergen Private Gymnas (BPG) mistar konsesjonen sin til å drive vidaregaande opplæring på grunnlag av deira brot på friskulelova?»

Fylkesrådmannen v/fylkesdirektør opplæring har vore i kontakt med UDIR, og tilsynsavdelinga i Utdanningsdirektoratet opplyste 21.09.2016 per telefon at i saka som var oppe i retten i juni 2016, var inndragning av konsesjon ikkje eit tema, berre tilbakebetaling av statsstøtte. Saka galdt rekneskapen for 2011. Det er opna nytt tilsyn; denne gongen med rekneskapane for 2012, 2013 og 2014 som tema.

Saksgangen er omrent slik

- Tilsyn vert opna
- Utdanningsdirektoratet sender førebels tilsynsrapport til skulen
- Skulen kan svare på denne
- Utdanningsdirektoratet fattar vedtak i tilsynssaka
- Skulen kan klage på dette til Kunnskapsdepartementet
- Skulen kan eventuelt gå til sak mot Kunnskapsdepartementet sitt vedtak

Skulane held fram med ordinær drift til endeleg vedtak i saka ligg føre, enten det er KD sitt vedtak eller rettskraftig dom. Ei eventuell inndragning av konsesjon er noko som vil ta tid.